

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
057/2014	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	18.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/979	14/6081

### Delingssak gbnr 38/13 Helland - eksisterande våningshus - søknad om deling (parsell 2) - klage på vedtak

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klage på vedtak HPLT 037/2014 vert teke til følgje. Det vert gjeve dispensasjon og løyve til deling som omsøkt.

Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak bygge- og deleforbodet ikkje vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon vert klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Vedtaket har heimel i forvaltningslova § 33, plan- og bygningslova §§ 20-1 m, jf. §§ 19-2 og 11-6, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Det er gjeve avslag på søknad om deling for omsøkt tomteareal til frådeling av eksisterande våningshus, men løyve til eit mindre areal.

Søklar har i klageskrivet mellom anna skrive følgjande:

*«Meiner delar av hagen/blomsterbed, og brønn bør inngå i tomta. Slik det no ligg føre vil dette være ei stor ulempe for huseigar.*

*Ber om at saka blir handsama på nytt, og at ein tar befarig på området før eit eventuelt nytt vedtak.»*

#### Vurdering

Det er komme opplysningar om at brønnen til det gamle våningshuset ligg på motsatt side av vegen for huset, og det er ein av grunnane til at dette arealet er ynskja med til hustomta.

Brønnen ligg i eit bratt terreng om gjer at det vil vere vanskeleg å nytte restarealet om ein deler i frå berre ei stripe på midten for brønn med leidningar til huset. Arronderinga gjer at rådmannen går inn for at heile arealet vert delt i frå slik som fyrst omsøkt.



Individuelle tilhøve til søkjar skal normalt ikkje vege tungt i vurdering av dispensasjonssøknadar. Miljøverndepartementet sa i Ot.prp. nr 56 (1984-85) s 101 at individuelle forhold knytt til søkjar berre vil vere relevant i vurderinga i heilt spesielle høve. Kommunen sin oppgåve som planmynde skal styre langsiktig arealbruk og forvalte regelverk for bygg og konstruksjonar.

Rådmannen kan sjå at det er komme fram nye argument som er relevante i saka og som ikkje er vurdert i sakshandsaminga og vil rå til at klagen vert teken til følgje. Elles vert det vist til saksutgreiinga frå førre handsaming i utvalet.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

### **Konklusjon**

Det er komme fram nye argument som gjer at ein vil vurdere saka annleis og rådmannen sitt framlegg til vedtak er å ta klage til følgje.

### **Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 057/2014**

#### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **PLT - vedtak:**

Klage på vedtak HPLT 037/2014 vert teke til følgje. Det vert gjeve dispensasjon og løyve til deling som omsøkt.

Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak bygge- og deleforbodet ikkje vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon vert klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Vedtaket har heimel i forvaltningslova § 33, plan- og bygningslova §§ 20-1 m, jf. §§ 19-2 og 11-6, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

**Vedlegg:**

Klage på vedtak hustomt

Delingssak gbnr 38/13 Helland - eksisterande våningshus - søknad om deling (parsell 2) - dispensasjon i frå arealføremål i kommuneplan

20140605153311